

REGLAR FOR SAMORDNA OPPTAK I TIME KOMMUNE

Godkjent av Time kommunestyre 12.12.06, sist revidert 18.06.2024 i tråd med KS 050/24

1 Innleiing

- 1.1 Alle godkjente barnehagar skal etter Lov om barnehagar § 17 ha samordna opptaksprosess i kommunen. Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage og merknader til denne forskrift ligg som grunnlag for reglar som er laga for samordna opptak for barnehagane i Time kommune.
- 1.2 Kommunen har ansvar for å leggja til rette for samordna opptaksprosess. Det skal etter lova takast omsyn til barnehagens mangfold og eigenart. I dette ligg det at barnehagens formål, opptakskrets, opptakskriterium og eigarform skal respekterast. Dette skal koma fram av barnehagane sine vedtekter.
- 1.3 Alle godkjente private og kommunale barnehagar i Time kommune samarbeider om opptak av barn til barnehagane.
- 1.4 Samordna opptaksprosess skal særleg ivareta 4 hovudmål:
 - bidra til ei effektiv fordeling av barnehageplassar ut frå søkeren sine ønsker og behov.
 - sikra likebehandling av barn, og likebehandling av private og kommunale barnehagar.
 - hjelpe kommunen i arbeidet med å sikra at det er tilstrekkeleg tal på barnehageplassar.
 - gje søkerane ei betre oversikt over det samla barnehagetilbodet i Time kommune.

2 Opptakskrins og opptakskriterium.

- 2.1 Barnehagens vedtekter skal definera barnehagens opptakskrins og opptakskriterier. Opptakskriteria må vere objektive og prøvbare. Opptakskriteria skal gje søkerar med rett til prioritering første prioritet jf. Barnehagelova § 18. I tillegg skal opptakskriteria sikra at barn med rett til barnehageplass får denne retten. Barnet må fylla 1 år seinast innan utgangen av desember det året dei søker om barnehageplass (jf. barnehagelova).
- 2.2 Prioriteringar utover lova kan variera ut frå den enkelte barnehage sine vedtekter.

3 Hovudopptak

- 3.1 Det er eit årleg hovudopptak i Time kommune. Søknadsfristen for hovudopptaket er 1.mars, og hovudopptaket varer til og med 31.mai.

Om nokon som har barnehageplass ønsker å byta plass frå ein barnehage til ein annan, må dei søka om dette ved hovudopptaket, det same gjeld ønske om endring av plasstype og oppholdstid. Søkarar som får innvilga ny plass mister automatisk noverande plassering.

Søknadsfristen for hovudopptak skal verta kunngjort offentleg
- 3.2 Ein må søka elektronisk om barnehageplass i Time kommune via felles nettportal for barnehagane. Alle får melding på e-post frå Time kommune når søknaden er registrert.

- 3.3 Tildeling av plass skal skje i samsvar med fastsette reglar og opptakskriterier.
- 3.4 Prioriteringar etter barnehagelova § 18 vil bli sett av Opptaksnemnda. Opptaksnemnda består av 2 personar frå stab, barnehagemyndigkeit og avdelingsleiar for Styrka barnehage. Opptaksnemnda skal setta prioritering på søkerane for så å gjennomføra opptak for søkerar som har rett til barnehageplass etter § 18 i Lov om barnehagar.
- 3.5 Etter opptak av prioriterte barn etter § 18 i Lov om barnehagar, skal alle barnehagane ta opp barn etter eigne prioriteringar ut frå barnehagen sine vedtekter. Barn som får tildelt prioritert plass i den enkelte barnehage skal kodast slik at prioriteringa kjem fram ved tildeling av plass. Vedtekene i den enkelte barnehage skal sikra at barn som tilhører barnehagens opptakskrins, og som har lovfesta rett, blir prioritert før barn som ikkje har denne retten (Lov om barnehage § 16)
- 3.6 Det er styrar i kvar barnehage som har ansvar for å gjennomføra opptaket administrativt. I dette ligg det at ein følger reglar og rutinar for opptak, oppseiing og endringar i tilbod for plasserte barn. Styrar skal ivareta søkerane sine ønsker og behov, og tildeler ledige barnehageplassar ut frå gjeldande offentlege reglar og barnehagens eigne vedtekter.
- 3.7 Ledige plassar vert som hovudregel tildelt frå nytt barnehageår i august. Foreldre til barn som fyller eitt år i september, oktober og november kan velja å la barnet starta den månaden barnet fyller eitt år.
- For eldre barn (enn dei som fyller eitt år i september, oktober og november), må tildelte plassar tas i bruk innan kort tid etter tildeling, telling og rapportering i august og desember. "Innan kort tid" vert av Statsforvaltaren definert som ca 1 ½ månad etter rapportering
- Foreldre plikter å betala frå den månaden barnet startar i barnehagen jf merknader til § 16 i Barnehagelova.
- 3.8 Barnehagen kan gje rett til prioritet for andre grupper enn barn etter §18 i Lov om barnehagar. Kva barn/familiar som har rett til prioritet utover § 18 må koma tydeleg fram i barnehagen sine vedtekter.
- Etter opptak av prioriterte barn, ut frå barnehagen sine vedtekter, kan styrar gjennomføra interne endringar i tal på dagar og opphaldstid.
- 3.9 For barn som ikkje fell inn under prioriteringane, vil tildelinga vera slik:
- | | |
|-----------------------------|-----------------------------|
| • Barn i alder 3-5 år | Trekking uavhengig av alder |
| • Barn i alder 10.mnd -2 år | Trekking uavhengig av alder |
- For å sikra at søsken får tilbod i same barnehage – vil søskenprioriteten inntre umidelbart ved tildeling av plass. Dette gjeld søsken det er søkt for i same opptak. Det vil sikra rask saksbehandling og vera i tråd med barnehagane og foreldra sine ønsker og behov.
- 3.10 Alle som søker vil få svar på tildelt plass via e-post. I e-posten vert det orientert om rettigheitar ein har jf §§ 4, 6 og 9 i "Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage".
- Det vil også bli informert om rett til å söka redusert foreldrebetaling, og at vedtekter som regulerer opptak og oppseiing kan vera ulike i kommunale og private barnehagar.



3.11 Klager på vedtak skal sendast skriftleg til tenesteområde Oppvekst i Time kommune innan tre veker etter at vedtaket er kjent for søker. Klagen vil bli saksbehandla for å sjå om det føreligg saksfeil. Ved eventuell vidare klagebehandling går klagen til kommuneadvokat før endeleg behandling i formannskapet.

Blir klagen tatt til følge, vil barnet få tilbod om første ledige plass, etter at barn med prioritering etter § 18 i Barnehagelova har fått plass.

4. Venteliste hovudopptak

- 4.1 Dei som ikkje har fått sitt første barnehageønske oppfylt, kan velja å fortsatt stå på venteliste for sitt første barnehageønske jf §3 i Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage
- 4.2 Ved ledig plass etter hovudopptaket skal det tas opp barn frå ventelista. Viss ein barnehage vil tildela plass til ein søker som har andre barnehagar høgare på prioriteringslista si, må styrar ta kontakt med desse barnehagane for å koordinera opptaket før tilbod vert sendt ut.
- 4.3 Trekningsslista vil fungera som venteliste for barn som ikkje har fått tildelt barnehageplass. Ventelista består av både ”trekte” og prioriterte barn. Denne vil ikkje vere offentleg av omsyn til teieplikt.

5. Supplerande opptak

- 5.1 Barnehagesøknader som kjem inn etter søknadsfristen til hovudopptaket vil automatisk verta registrert på venteliste. Desse søknadane vil bli behandla etter trekningsslista for søkerar med lovheimla rett til plass. Søknadane vil vera likestilte fram til neste års hovudopptak.
- 5.2 Barn med rett til prioriteringar etter § 18, som søker etter frist for hovudopptak, vil få prioritet og verta behandla i tråd med § 3 i ”Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage»
- 5.3 Venteliste ved supplerande opptak
Tildeling av ledige plassar til barn på ventelista vil bli gjennomført fortløpande gjennom barnehageåret. Styrar må forhalda seg til eigne vedtekter og nedfelte prioriteringar ved supplerande opptak. I tillegg vil trekningssnummer og ønska oppstarts tidspunkt vera avgjerande for kven som får tilbod om ledige plassar.

6 Ansvær, rutinar og tidsplan for samordna opptak

6.1 Fagstab oppvekst har ansvar for:

- Kunngjering av søknadsfrist for hovudopptak
- Laga oppdatert tidsplan før kvart hovudopptak
- Avklara kva oppgåver som skal gjerast
- Avklara ansvar for gjennomføring av oppgåver
- Setta tidsfristar og tidspunkt for gjennomføring
- Fastsetta og tildela plass til barn med rett til prioritet etter § 18
- Senda ut avslagsbrev og informasjon om ventelisteordning

6.2 Styrarane har ansvar for:

- Gjennomgang av søkerar for sin barnehage
- Kontakta søkerar som ikkje har bustadadresse i Time kommune. Sjekka status for eventuell flytting til Time (styrar sjekker dei som har søkt sin barnehage som alternativ 1)
- Gje søkerar prioriteringar ut frå eigne vedtekter
- Gjennomføra interne endringar i opphaldstid før hovudopptak
- Tildela plassar ut frå trekningsslista og senda ut tilbod om barnehageplass
- Ta imot og registrera svar på tildelte plassar
- Gjennomføra supplerande opptak og tildela ledige plassar fortløpande
- Koordinera opptaket med andre styrarar
- Vedlikehalda lister over barn i Mykid opptakssystem